Flora kommune

www.flora.kommune.no

# STORHALLEN I VEST

## FLORA – ARENA FOR KULTUR OG NÆRING

RUNE BORTNE - Prosjektleiar idrett

# Kvifor storhall?

I Budsjett og handlingsprogram for 2017, samfunnsdelen, er det gjeve nokre føringar:

- *Flora kommune skal legge til rette for anlegg og tiltak som stimulerer barn, unge og eldre til fysisk aktivitet.*
- *Det skal vere eit mangfald av idrettsanlegg,*
- *Nye store anlegg, skal primært plasserast i nærleik til andre offentlege bygg.*
- *Det er sprengt kapasitet i fleirbrukshallane og på kunstgrasbanane i Florø.*
- *Det blir arbeidd med alternative løysingar for større hallkapasitet,* ***og fullskala innandørs fotballbane.***
- *Flora kommune skal ha ei sentral rolle i koordinering, planlegging og kartlegging av behov for nye store idrettsanlegg, og gjennom dette sikre satsing både på topp og breidde.*

# STORHALLEN I VEST

FLORA – ARENA FOR KULTUR OG NÆRING

# KULTURBYEN

Flora er den største og mest allsidig industri- og næringskommunen i fylket vårt. Verdiskapinga er større enn elles i landet - mellom anna fordi næringslivet er internasjonalt retta. Alle er avhengige av at næringsliv og kommune er samkøyrde slik at vi kan levere gode tenester til små og store aktørar.




# BYEN VEKS

## – VI TRENG STORHALLEN I VEST!

- skrikande mangel på hallkapasitet
- behov for fleire treningsflater
- fristille hallkapasitet i andre hallar.

Viktig i eit helsepolitisk perspektiv
– Folkehelse er prioritert både hos Fylkeskommmunen og i Flora kommune.

- Sykkelby
- Alle målgrupper, også «unge eldre»
- Integrering
- Turområde
- Tilpassa handikappa

Vi får det til - **fordi vi vil** – og vi er mange som drar i lag.

**Sogndal Fotball AS**

Sogndal 22.05.17

**STØTTE TIL NY FLEIRBRUKSHALL I FLORØ**

Sogndal Fotball AS vil med dette vise sin støtte til ein ny storhall/fleirbrukshall i Florø. Sogndal Fotball AS er heileigd dotterselskap av klubben Sogndal Fotball, driftsansvarleg for Sognahallen og saman med Sogndal Kommune eigar av vel 90 prosent av Sognahallen AS.

Neste år er det 20 år sidan vi opna vår eiga storstove – Sognahallen. Dette var restarten og utviding av samarbeidet på Fosshaugane, som i 2001-2003 utvikla seg til eit forpliktande samarbeid mellom ulike aktørar – og etableringa av Fosshaugane Campus.

Etableringa av Sognahallen var ein avgjerande ressurs og arena for å skape samhandlinga. Vi er sikker på at det også vil vere ei framsynt løysing for skulane, idretten, lokalmiljøet og region å etablere ein liknande hall i Florø.

Vi vil stille opp med våre erfaringar for å leggje grunnlaget for at ein best mogeleg arena for samhandling skal bli ein realitet i Florø. Vi ynskjer samstundes våre vener i Florø lukke til med planlegginga.

Med helsing
SOGNDAL FOTBALL AS

Yngve Hallén
Dagleg leiar

# Derfor:
# – trivsel for deg og meg

- OBOS – vi er på toppnivå i Norge, og samarbeider med fotballmiljøet i Sogndal.
- Samarbeid er viktig for utvikling av talent i fylket vårt.
- Idretten står bak både lokalt og i fylket vårt
- Vi gjer Florø til ein betre plass å bu

## Vi står bak – og støttar at Florø får Storhallen i Vest

«Fotballhallane i fylket har vore ein suksess. Vi i NFF trur på prosjektet i Florø. Heia Sogn og Fjordane!»

*Robert Endestad, leiar Sogn og Fjordane Fotballkrets / NFF*

«Kommunen står bak dette prosjektet – og samarbeider vi i fylket, får vi dette til!»

*Ordførar Ola Teigen Flora kommune*

«Idretten i Flora står samla bak dette prosjektet. Vi treng meir plass!»

*Tore Havn styreleiar i Florø Idrettssenter AS*
*og leiar i Florø sportsklubb med over 1000 medlemmar*




# KVIFOR FLORØ?

Dokumentet Regional plan frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune er tydeleg på at i kommunar med over 10 000 innbyggarar er det rom for 4 fleirbrukshallar – normalhall. Vidare seier ein i dette dokumentet at «dette tyder på at det kan etablerast to nye anlegg i kommunane Flora og Sogndal».

**«Det er rom for tre storhallar til fotball 64 x 100 meter i Sogn og Fjordame inkludert kaldhallar. Det kan difor etablerast to nye slike anlegg.»**

**– Etablering av nye hallar bør skje sentrumsnært der folk bur og gjerne tilknytt ein skule**

Det er viktig å framheve at planen også legg vekt på Fysisk aktivitet – friluftsliv – idrett – folkehelse – kunnskap og kompetanse – universell utforming. Det er også viktig for oss i Florø.

Elisabeth Solheim
Folkehelsekoordinator i Flora kommune

# FOLKEHELSE I PRAKSIS

**Ny hall vil gje positive ringverknader for Florasamfunnet på fleire måtar:**

- Frigjev hallkapasitet i andre hallar
- Vil gje Florafotballen gode moglegheiter for utvikling - noko som òg er viktig for Sogn og Fjordane
- Mogleggjer Flora kommune sin plan om universelt utforma sti rundt Litlevatnet
- Vil gjere turområdet meir attraktivt
- Sentrumsnært og tilgjengeleg - lett å nå til fots og sykkel
- Gangavstand til dei største skulane i kommunen
- Viktig integreringstiltak- Florafotballen har rekruttert svært mange barn og unge frå innvandrarmiljøet

# VI VIL OG FÅR DET TIL i Sogn og Fjordane når vi samarbeider

Det er viktig med senter som Flora, Førde og Sogndal for at distrikta skal utvikle seg.

For Flora betyr Storhallen i Vest utvikling i kystbyen mellom anna for Flora Vidaregåande skule, Florø Idrettssenter og oljebyen Florø.

## Prislapp Storhallen
## 89 millionar netto

- Idretten 20 millionar
- Fylkeskommunen 30 millionar
- Flora og Vågsøy kommune 39 millionar

# Kostnadskalkyle - Storhallen i vest

| | inkl mva | ex.mva | Spelemidlar | |
|---|---|---|---|---|
| Sanering skytebane | 8 750 000 | 7 000 000 | | |
| Grunnarbeid, vei og betong | 35 875 000 | 28 700 000 | | |
| Hall inkl garderober og lager | 46 125 000 | 36 900 000 | 9 000 000 | |
| Ekstra lager, sosial-/møterom | 4 000 000 | 3 200 000 | 1 000 000 | |
| Elektro/lys/ventillasjon | 10 000 000 | 8 000 000 | | |
| Kunstgras og utstyr | 3 000 000 | 2 400 000 | | |
| Spelemiddelandel Vågsøy, 30% | | | 3 000 000 | Interkommunalt idr.anlegg |
| Administrasjon 5% | 5 387 500 | 5 387 500 | | |
| Uføresett 10% | 10 775 000 | 8 620 000 | | |
| **Sum kostnader/finansieringsbehov** | **123 912 500** | **100 207 500** | **13 000 000** | |

| **Storhallen i Vest- kostnadskalkyle, MNOK** | **123,9** | |
|---|---|---|
| | | |
| **Finansieringsplan, MNOK** | | |
| | **inkl mva** | **Merknad** |
| Mva refusjon | 22,3 | Refusjon mva |
| Spelemidlar | 13,0 | Spelemidlar |
| Idretten/private | 20,0 | Gåver/Tilskot |
| Sogn og fj.fylkeskommune | 30,0 | Gåver/Tilskot |
| Flora Kommune, andel 26% | 32,4 | Låneopptak |
| Vågsøy Kommune andel 5% | 6,2 | Tilskot |
| **Sum finansiering** | **123,9** | |

# Fylkestinget i Sogn og Fjordane, 14.juni

Nytt punkt i sak 27 økonomiplan 2018 -2021

Fremja på vegne av H, Frp, MDG, Ap, Krf, Sp, SV og V

«Fylkestinget er positive til realisering av ny, innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget vil vurdere støtte til etablering når ein evt får førelagt ein konkret søknad.  Denne må i så fall vurderast opp imot regionale planar og økonomiske føresetnader.»

Samrøystes vedteke.

# BLIR DE MED?

## -SAMAN KAN VI UTVIKLE STORHALLEN I VEST

- **Idrettsfag ved Flora Vidaregåande skule** er eit tilbod både for toppidrettsutøvarar og andre som ønskjer å vere aktive

- Skulen med over 500 elevar
  - vegg i vegg med Florø Idrettssenter, berre eit steinkast frå svømmehallen Havhesten og gangavstand frå den nye storhallen.

- **Norges Fotballforbund i Sogn og Fjordane** viser til at fotballhallane i fylket har vore suksessar på ulike måtar. NFF Sogn og Fjordane har tru på prosjektet i Flora og ønskjer lukke til vidare.




A til Å - www.atilaa.no